



Nr 1, 2020

Mota nye venner - Sokja Gud - Få del i oppdraget

møte:plassen

Eit magasin frå Undheimkyrkja



**Konfirmant
før og no
side 10 - 11**

**Einar Sæland
side 4 - 6**

**Open kyrkje
for alle
side 14 - 15**

TANKAR I TIDA

Gjør alle mennesker så godt de kan? Jeg tror dette er et viktig spørsmål, for det betyr noe for hvordan jeg ser på andre, spesielt hvis det er noen mennesker som kan klare å få fram irritasjon hos meg med det de gjør, eller ikke gjør. Som de fleste andre, blir jeg irritert på køsnikere, for eksempel de som kjører av motorveien ved et toplanskryss, og sniker seg så langt fram de kan på akselerasjonsfeltet på andre siden av krysset. For noen egoister som bare tenker på seg selv! I noen minutter kan jeg nyte tanken på at jeg er bedre enn dem.

Graver jeg litt dypt i meg selv, og stiller noen ubehagelige spørsmål, kan jeg ende opp med ubehagelige svar. Egentlig sniker vel jeg også her og der. Når en barnearbeider i Bangladesh jobber time etter time nesten uten lønn for å sy klærne jeg kjøper, fordi jeg synes jeg gjør et godt kjøp, må jeg vel si at jeg også er en sniker. Når jeg leser om flyktninger som er stuet inn i overfylte flyktningleirer i Hellas, og jeg løser problemet med å bla om til neste side, må jeg innrømme at jeg sniker i velferdskøen.

Livet er komplekst. Vi skal ta hensyn til våre følelser, behov, krav som er reelle og krav som vi føler på fra arbeidsliv og mennesker rundt oss. Våre erfaringer og oppfatninger av verden preger oss i valgene vi tar. Dette er en jungel som vi fort kan gå oss vill i, tror jeg, og vi har ulike forutsetninger for å finne den beste veien gjennom den. Noen velger blindveier som gjør verden til et verre sted – jeg har måttet gjøre mine helomvendinger. Selvfølgelig ønsker jeg å finne den beste veien. Det tror jeg alle andre mennesker også ønsker, men det er så menneskelig å gjøre feil veivalg!

Vi nærmer oss påske, og takk og lov for påsken! Jesus viste at Gud bryr seg om oss feilbarlige mennesker som går oss vill. Jeg kan trekke et lettelsens sukk, og kjenne at selv om jeg bommer og ikke finner veien, så kan jeg slappe av i at Jesus kan veien, og han gikk den for meg da han i påsken seiret over

døden. Det var en beinhard vei å gå, og jeg er uendelig taknemlig for at jeg ikke må gjennom det samme! Nå stiller jeg i samme kø som alle andre. I denne køen er vi alle gode nok, og våre bomturer er glemt. Ingen er foran eller bak meg i køen. Vi står side om side, og utsikten er himmel. Dette må bare feires – i påsken!

Frode Skårlund - dagleg leiar i Undheimkyrkja

møte:plassen

1 - 2020

15. årgang

UTGJEVAR:
Undheim sokneråd

REDAKTØR:
Steinar Sandvik
tlf. 400 07 909

GRAFISK UTFORMING:
Hanne Brit Sandsmark

REDAKSJONEN:
Steinar Sandvik
Laila Undheim
May Brit Merland Arnø
Hanne Brit Sandsmark

ADRESSE:
Møteplassen
Time kyrkjekontor
Pb 373
4349 Bryne

E-POST:
nyheitsblad@gmail.com

INTERNETT:
www.time-kyrkja.no

TRYKK:
Jærprint, Bryne
OPPLAG: 600 EKS.

UNDHEIM SOKNERÅD
KONTONR. 3290.57.20723
GIVARKONTO: 3325.21.55657

Foto på framsida:
Aud Elin Undheim - frå Julegrantenninga på H-laget



Min påskesalme

Du som låg i natti seine, sorgtyngd,
vanvørd og åleine,
skjelvande på såre kne.

Du som skåli trufast tømde, medan
alle dine rømde,
stridsmann frå Getsemane.

Du som spotta vart og banna. Krunt
med klungerkrans om panna
medan augo brann i sorg.

Du som stod i namnlaus pine, skild
frå dei du kalla dine,
einsam i Pilati borg.

Du som hekk på krossen nagla, med-
an blodut sveitte hagla
frå di panne då du sa:
Fader, kvifor gjekk du frå meg?! Å, lat
nådens blodstraum nå meg!
Offerlam frå Golgata!

Lær mi sjel kva du laut lida! Syn meg
såret ditt i sida.

Styrk og nær mi veike tru.
Syn meg dine merkte hender, så eg
frelst mitt auga vender
opp til deg på krossen, du!

Jakob Sande

Eg har alltid vorte gripen av salmar og sangar
som fortel påskeevangeliet.

Sinnet mitt har kjent bittelitt på den smerten Jesus
hadde då han gjekk vegen til døden for at me
skal få arva hans herlighet, dersom me vil. Alt
som skulegut i småskulen var eg oppteken av
dramaet frå påskeveka. Jesus som gjorde berre
godt rundt seg, og som brukte mykje tid i bøn
og samtale med far sin, Gud sjølv. Han spurde
far sin då han var spikra fast til krossen: «Fader,
kvifor gjekk du frå meg?» Så totalt åleine tok han
mi, og alle i heila verda si skuld på seg.

Sjølv om langfredagsdramaet gjer at eg kjen-
ner tårene pressar på, vert sinnet på same tida
fylt med takk og glede. Gleda får fullt utløp
påskemorgonen. Utan oppstandelsen hadde det
ikkje vore meining med noko av det som hen-
de, same kor mykje innhald som ligg i tekstane.
Oppstandelsen er ein mektig manifestasjon av
Guds makt. Denne krafta får me små glimt av
i kvardagane, og det gir ei djup og varm glede.
Kor godt det er å ha ein himmel over livet! Det
styrkjer òg vissheten om at ein dag skal me møta
denne «stridsmann frå Getsemane». Han som òg
er «offerlam frå Golgata» og «den førstefødde av
dei døde». «Han skal ha æra og makta i all æve.
Amen». (Joh. Openb. 1, 5-6).

Kåre Sigurd Undheim

SKOGRØKTAREN PÅ SÆLAND



Einar Sæland har alltid arbeidd i skogen og sett etter kvart einaste tre. Men no er det skogen som røktar seg sjølv. Mest kvar einaste dag er han på tur i skogen.

Tekst og foto: Steinar Sandvik

Einar Sæland ruslar gjennom skogen, ser på dei slanke granstammane som strekker seg opp mot lyset. Her trivst han.

I februar runda Einar Sæland 95 år, og framleis tek han, ikkje daglege turer gjennom skogen, men når eg får stoen til det, smiler han. Han er lett på foten og lett i kroppen, turrspræge som han sjølv kallar det.

MANGE JULETRE

– Eg har vore bonde og gardsarbeidar heile mitt liv, fortel Einar. Det var farfar Einar som først planta litt skog rundt 1900. Far Aadne tok over i 1905 og fullførte plantinga fram til 1910. Han starta så vidt med sal av juletre, og eg heldt fra med arbeidet i skogen og planta på ny det som er andre generasjon. Men skogen i dag har Einar planta. Det han ikkje har planta, har naturen sjølv ordna.

Åtte år gammal selde Einar sine første juletre. Han har ikkje tal på kor mange han har selt, men det er ikkje så mange år sidan han slutta av med juletresal. Her fann jærbuene juletre av god kvalitet, og mange større tre vart sende til kyrkjer og andre større bygg over heile Jæren.

FAREN VART SJUK

Einar fekk skøyte på garden i 1957. Men lenge før det hadde han mykje av ansvaret for gardsdrifta. Etter at faren fekk tuberkulose i 1935, måtte mora og dei to systrene hjelpe til med gardsarbeidet. I periodar hadde dei to drengar og ei jente i arbeid. Garden er på vel 1500 mål, av dette er 200 mål planta skog og 140 mål dyrka mark. Resten av garden er utmark der ein stor del er fjellbeite. Det meste av tida hadde garden kyr, sau og noko gris i tillegg til tre hestar før dei fekk traktor.

GØYMDE TRAKTOREN

– Eg hugsar godt då eg kjøpte min første traktor i 1951, smiler Einar og fortel:

– Tønnes Mauland var traktoragent. Han reiste rundt på gardane for å få bøndene til å kjøpe traktor. Det gjekk ei tid før vi bestemte oss. Då tok eg toget frå Ålgård til Stavanger for å kjøpe traktor hos Eik og Hausken, ein Gråtass Ferguson. Og eg køyrd traktoren heim. Men eg gjemde traktoren ein plass i Sælandskogen. Eg tykte det var litt mykje å vise fram traktoren med det same. Først nokre dagar seinare tok eg traktoren fram.

SKOGSARBEID

Sidan 1980 pakta Einar garden vekk. Han ønskete å bruke meir tid til skogen. Ein søsterson, Ådne Øverland, fekk skøyte på garden i 1998 og driv garden no.

Mykje av skogen vart nytta til ved. Einar hogde på tre, kutta dei i høvelege lenger og lessa på traktoren. Det var lass på lass til mange vedkundar over store deler av Jæren.

Men skogen måtte også røktast. Det var tynning av skog og planting av nytt. No blir det ikkje mykje røkting av skog for Einar sin del.

– No er det stort sett naturen sjølv som mest tek seg av røktinga, men eg har nokre trufaste medhjelparar som både ser etter og ikkje minst høgg ut ein del tre til ved.

For Einar sin del er det helst å vandre rundt i skogen. Der møter han både kjende og ukjende turfolk som har stor glede av skogen om området rundt – ikkje minst er Urådalen og Bjødnalio ettertrakta turmål. Ofte tek han seg god tid til ein drøs med turgåarane.

I 1994 vart parkeringsplassen i Sælandsskogen opna – noko som har ført til større besøk, noko Einar set stor pris på. Då kan også brukarane av området ha tryggare plass å parkere. Før vart det ofte parkering langs hovudvegen, noko Vegvesenet ikkje var særleg fornøgd med.

HUSFLYTTING

Einar har også teke ut ein del tømmer til eige bruk. På garden hadde han eiga sag der han sagde opp materiale av ulikt slag. Mellom anna sagde han opp mykje av tømmeret til huset han bygde i det gamle klyngjetunet på Sæland. Dette huset vart ferdig i 1985.

I dette tunet stod også det gamle heimehuset. I 1929 vart huset flytta, eller rettare sagt rulla til sin nye plass – ein lite stykke sør for der det stod.

– Eg kan så vidt hugse litt av det som skjedde, fortel Einar. – Pipa vart teken ned under flyttinga, men mor laga middag og anna mat medan huset var i «fart». Pipa var eit stort blekkrøyr. Seinare vart det bygt ein ekstra etasje på huset som framleis står. Men det spørst kor lenge.

LYTTA PÅ TELEFONEN

Einar si slekt har lang historie på Sæland. Faren Aadne fekk skøyte på garden i 1913. Han var gift med Marta Tunheim frå Vanylven på Søre Sunnmøre. Dei fekk tre barn: Einar, Ragnhild og Astrid.

– På den tida eg vart fødd var det ikkje mange som hadde telefon, fortel Einar. – Men på Sæland fekk vi telefon tidleg – ei linje til 4-5 abonnentar som kunne lytte på kvarandre.

– Ein gong måtte far ringe for han trøng dyrlege til



I dag er det mykje vatn i elva gjennom Sælandsskogen – noko Einar liker godt.

ein av øykjene. Det var kritisk. Ei av dei andre på linja lytta ofte, men denne gongen fekk ho berre med slutten på samtalen. Og ho trudde det var snakk om mor og sette ut rykte at det var kritisk for henne. Ein nabo ringde og var spent på korleis det gjekk med mor. Nabokona fekk til svar at det stod godt til. Litt seinare vart eg fødd, smiler Einar.

KULTUR OG REISER

Einar engasjerte seg ikkje berre i garden og skogen, men han var svært kulturinteressert. Mellom anna skreiv han ein del for Jærlandet. Han var også av dei som stod i spissen for Time bygdemuseum som fekk lokale i Undheim samfunnshus.

– Vi må ta vare på fortida for å gå vidare inn i framtida, seier Einar og tenkjer tilbake på engasjementet i Time historielag. Der møtte han Signy Gro som han gifta seg med i 1986. Saman har dei vore på ei rekke reiser og opplevingar både i innland og utland. Mellom landa dei har besøkt er Kina, Ukraina, Russland, Hellas (øyhopping), Spania, Marokko og ikkje minst Tyrkia.

Einar var på si aller første reise då han var tre år gammal. I Bergen var det så mykje interessant å sjå at han heldt på å kome vekk frå mor, men dei kom trygt til Sunnmøre der dei besøkte familien til mora.

Dette diktet skreiv Arthur Løvik til opninga av parkeringsplassen i Sælandskogen 21. april 1994.

Om å vere ein einar i skogen

*Det står ein einer i skogen, ein tett og seig liten kar
Ein busk i barskogslekta som vi her i landet har.
Han deler så gjerne med oss
dei goder han har å gi,
Og folket har nyttat seg av han
gjennom lengere tid.*

*Som hjelp til betre helse for folket vårt han var.
Til medisin vart nyttat avkok av bær og bar.
Og frisk lukt har han skaffa
som strø i mang ein heim,
Og eineris til røyking, gir maten ein ekstra eim.*

*Det går ein Einar i skogen, ein tett og seig liten kar.
Han høyrer til den ætta som odlar Sæland gard.
Han deler så gjerne med oss
dei gleder skogen kan gi,
Og folket har nyttat seg av han i lengere tid.*



Einar Sæland var flink og likte sløyd. Denne kista laga han på sløyden. Rosemålinga stod ein medelev ved Sand arbeidsskule for.



*Han sørger for kvisting av løyper,
parkeringsplassar og slikt.
Han har så mangt å fortelje
og kjänner så mange dikt.
Klassar frå mange skular tar han vel vare på,
Fortel dei om naturen og kva dei kan vente å sjå.*

*Nå ligg det slik til rettes at mange i skogen kan gå,
Ta seg ein tur over fjellet
og gle seg ved det dei får sjå.
Viktig er det for helsa at folk bruker kroppen litt.
Måtte her mange ferdast både rett ofte og titt.*

*Når mange skal ut i naturen,
må alle ein einer vere,
Ta omsyn til kvarandre og ikkje skade gjere.
Her kan som gode døme Einar og eineren stå.
Då kan også komande slekter glede av skogen få.*

UKUF – ein trygg og god plass

Ida Risa (18) og Beate Rasmussen (18) ser tilbake på tida i UKUF som ei god tid, med trygge og gode vaksne som stilte opp.

Tekst og foto: Steinar Sandvik



Sidan i hausten 2019 har det ikkje vore noko aktivt ungdomsarbeid i Undheim kyrkje. Det er fleire grunnar til det – ein av dei er leiarmangel.

FRÅ OPEN KJELLAR TIL UKUF

Ida Risa og Beate Rasmussen byrja begge i UKUF så snart dei var gamle nok. Og begge vart rekrutterte gjennom Open kjellar.

– Då gleda vi oss begge til å flytte eit hakk opp for å bli med i UKUF. Vi hadde det kjempeflott i Open kjellar som samla svært mange av dei som var i aktuell alder, fortel dei to.

– TRIST

– I dag er det veldig dumt at ungdommane på Undheim ikkje får oppleve det gode som vi fekk i UKUF, seier Ida.

Beate opplever det trist at ikkje ungdommane har ein plass å kome saman.

– Då får ikkje dei oppleve noko av det fekk vere med på – noko som har betydd svært mykje for meg og mange andre ungdommar som gjekk på UKUF, legg Beate til.

TRE ÅR I UKUF

Korkje Ida eller Beate har vore med i styret i UKUF, men begge var aktive dei tre åra dei gjekk på ungdomsskulen.

Begge peikar på kor viktig det var med vaksne og trygge leiarar. Og dei nemner Tove Hersdal, Kjellaug Wold, Jakob Aardal og Jarle Kartevoll som kjempegode og trygge leiarar.

– Vi opplevde at dei såg oss som ungdommar, samstundes som dei hadde ei solid forkynning der vi fekk åndeleg påfyll – noko som gjorde oss trygge.

Ida Risa (t.v) og Beate Rasmussen har mange gode minne frå tida i UKUF. Dei håper det vert fart i ungdomsarbeidet igjen.

MANGE UNGE

Dei fortel at mest alle ungdommane på Undheim gjekk på UKUF og at samlingane var veldig sosiale, men det var også viktig med andakt, bønnevandringar og lovsang.

UKUF-kveldane starta alltid oppe i kyrkja og heldt fram i kjellaren med variert program.

– Vi fekk eit godt grunnlag og ei viktig erfaring som vi har teke med oss vidare, fortel Ida og Beate som begge tok til på Tryggheim vidaregåande skule etter ungdomsskulen på Undheim.

STUDIAR OG LÆRE

Ida er russ dette året og har peika ut planane for neste år. Då blir det bibelskule i Kristiansand og deretter vidare studiar. Beate har gått to år på barne- og ungdomsarbeid og er no i lære. Etter to års læretid vurderer ho påbygg eller andre studiar.

Dei to 18-åringane håper at den gode oppslutnaden i Open kjeller fører til at det vert stor interesse for ungdomsarbeidet igjen.

– Men då er det heilt nødvendig at engasjerte og trygge vaksne kjem på banen som leiarar i ungdomsabeidet, er den klare talen frå UKUF-veteranane Ida Risa og Beate Rasmussen.

MENIGHETSHELG PÅ UTSYN

– Det var jillt! Fin plass og god mat, spesielt is og taco! Eg vil reisa igjen, sier Inger F. Eikeland.

Tekst og foto: Hanne Nordbrønd

Ei fantastisk helg på leir er nok en gang over. Dette året gikk turen til Utsyn misjonssenter på Finnøy. Og for en plass det var. Her kunne store og små kose seg i nydelig omgivelser, med frisk sjøluft, måkeskrik og bølgeskvulp.

Utsyn har en lun og koselig atmosfære, og vertskapet passet på at vi hele tiden hadde tilgang på det vi trengte. Måltidene var også delikate, og det bugnet av nydelig mat.

Lørdag formiddag fikk vi besøk av Terje Engstrøm, utkledd som Døperen Johannes. Spennende for både store og små. Senere på dagen reiste



Gildt å vippe. Bak Sverre Emilian Fosse, Trygve Tveiten og Emil Nordbrønd

en gjeng til en idrettshall, der det var duket for kanonballkamp, hinderløyper, stafett, trampett og annen aktivitet.

De som ønsket det gikk tur til Teigen via Bergevarden. På leir skal det være noe for enhver smak.

Barna som var med på leir, likte spesielt godt at vi fikk bruke lekeplassen til en barnehage som lå på området. På tunet var det også god plass til å sparke på sparkesykkel og spille fotball i bingen. Flere var på oppdagelsesferd på fjellknausene som lå like ved leirstedet.

Lørdagskvelden ble det, tradisjon tro, underholdningskveld med mye latter, konkurranser og lek.


Søndagen var det klart for avreise etter en innholdsrik leir. Men først var det bibelttime med Per Børge Hillestad. Og selvfølgelig «snusenkåring». Snusen hadde lusket rundt på internatene hele helgen, til stor spenning for barna. Premie ble utdelt til både mest ryddig og minst ryddig rom søndag før avreise. Takk for ei nydelig helg, vi glieder oss til neste gang.



Litt utfordrende nedover bakken. Ane Gjerde Fosse (bak), Elisabeth Fosse og framme Henrik Fosse.



Her er det både aktivitet og konsentrasjon rundt bordet med maling og ulike aktiviteter.



Terje Engstrøm som Døperen Johannes kom på besøk til stor glede for både små og store.



Søndag var det engasjerende bibeltime for alle med Per Børge Hillestad

Konfirmasjon no og for 54 år sidan

27. september 2020 skal Stina Tunheim Lye (15) konfirmerast i Undheim kyrkje. For 54 år sidan, 12. juni 1966, stod mormor Gudrun Tunheim (68) konfirmant på Undheim.

Tekst og foto: Steinar Sandvik

Stina slepp å pugge salmevers og bibelord. Det måtte mormor Gudrun Tunheim gjere for å bli konfirmert for 54 år sidan.

LÆRT MYKJE

- Eg synest konfirmanttida har vore gild, seier Stina som trudde førebuinga til konfirmasjonen kunne bli kjedeleg. – Eg har rett og slett blitt litt klokare.

Stina fortel om eit opplegg med ulike tema på kvar samling.

– Vi har lært om dåpen, kvifor vi er døypte, om kyrkja og kvifor vi går i kyrkja. Og mange andre tema.

– Etter kvart tema har vi quiz og ein film har summert opp innhaldet i dagens tema. Det har vore flott, og trur det er lettare å hugse det vi har lært. Eg har blitt litt klokare gjennom konfirmantførebuinga, rett og slett, smiler Stina. På ei av samlingane i mars fekk konfirmantane oppleve kor stor forskjell det kan vere frå land til land. Det vart dekka til måltid frå dei rikaste til dei mest fattige landa. Stina var på gruppa som fekk mat frå Etiopia – ei skål med ris og lunka vatn. Rett ved sida var det dekka til eit norsk måltid. Då merka ungdommane kor urettferdig det kan vere.



Det er ganske stor forskjell på konfirmantopplegget Gudrun Tunheim hadde for 54 år sidan og det barnebarnet Stina Tunheim Lye har dette året. 27. september skal Stina stå konfirmant.

MYKJE PUGGING

Skrur vi kalenderen tilbake til 1966, korleis var situasjonen då?

– Konfirmantførebuinga hadde vi i eit klasserom på Undheim skule, og det var presten Casper Hennig som underviste oss, fortel Gudrun Tunheim som då hadde Undheim til etternamn.

– Etter det Gudrun hugsar var det konfirmantundervisning kvar veke, men ikkje gjennom heile året. Undervisninga tok til etter nyttår. Konfirmantane måtte møte til undervisning etter at dei hadde kome heim frå ungdomsskulen på Bryne.

Konfirmantkullet på Undheim i 1966 var på 16 ungdommar, seks gutter og 10 jenter.


Gudrun minnest godt at dei måtte pugge både salmevers og andre tekstar. I tillegg fekk dei heimelekse til kvar undervisningsdag.
– Det vi lærte i denne tida, var ein god lærdom. Mykje av det vi lærte utanat då, kjem tilbake no, smiler Gudrun.

BUNAD

Stina vart døypt i Undheim kyrkje



1966-konfirmantane vart fotograferte ved Time kyrkje. Her er deler av konfirmantflokkene. Midt i biletet står Gudrun Undheim.



Det var ikke så mykje gåver til konfirmant Gudrun Undheim i 1966. Ho har teke godt vare på både gullringen og salmeboka.

13. mars 2005. Fadrane er Gunhild Tunheim, Grete Lye Hellevik og Terje Hellevik. Til konfirmasjonen har ho byta ut dåpskjolen med Rogalandsbunad. Farmor har sydd bunaden og farmor til eit søskenbarn står for broderinga.

- Eg trur dei fleste av jentene skal ha bunad, seier Stina som gler seg til konfirmasjonsdagen.

GÅVER

- Kva ønskjer du deg?
- Helst vil eg ha pengar som eg skal spare til tider då eg treng dei, seier Stina som røper at ho har litt lyst å bli veterinær.
- Men eg får sjå kva som skjer. Først av alt skal ho på besøksveke ved Øksnevad vidaregåande skule. Liker ho det, vil ho søkje seg til skulen.

DYREGLAD

Ho har i allfall stor interesse for dyr. Kvar dag steller ho sin eigen hest, kaldblodstravaren Hagelill. På Forus går ho på kurs for å lære å bli travkusk. I tillegg er ho aktiv i handball i Undheim idrettslag med trening tre dagar i veka. Då er det ikkje uventa at konfirmasjonsfesten skal vere i Undheim idrettshall.

Seks av Gudrun sine barnebarn er konfirmerte, alle i Undheim kyrkje. Stina blir det sjuande barnebarnet.

SALMEBOK OG GULLRING

Gudrun Undheim vart døypt 1. juli 1951 i Undheim kapell saman med tvillingsøstera

Ragna. Fadrane til Gudrun var Borgny og Bjarne Bekkeheien saman med Karen og Ola Tjåland. Borgny og Ola er mor Ranveig sine søskener, altså tante og onkel til Gudrun.

Gudrun minnest at ho ikkje fekk pengar til konfirmasjonen. Men søskena gav henne ein fin gullring med ein stein. Av foreldra fekk ho salmebok pynta med gullschrift 12-6-1966 og namnet Gudrun Undheim. Andre gåver var ein termos og nokre skeier i sølv. Det same fekk tvillingsøstera Ragna.

Sjølve festen hadde dei heime på Tunheim, og menyen var steik og sviskegraut. Gjestene var stort sett familie.



Stina Tunheim Lye har eigen hest. Kvar dag må ho stelle og lufta kaldblodstravaren Hagelill. Stina trivst godt med dyrestell.

GUDSTENESTER kl. 10.30

APRIL

- 5. Palmesøndag – familiegudsteneste m/dåp
- 9. Skjærtorsdag
 - kveldsgudsteneste m/nattverd kl 19.00
- 12. 1. påskedag - Høgtidsgudsteneste
- 26. Familiegudsteneste m/dåp
 - 1. klassingar deltek

MAI

- 10. Konfirmasjonsgudsteneste - UTSETT
- 17. Familiegudsteneste - NB! Kl 11.00
 - Supermix, DeKor m.fl.

JUNI

- 1. 2. pinsedag - Høgtidsgudsteneste m/dåp
- 7. Me tek turen til Brekko kapell
 - NB! Kl 11.00
- 21. Gudsteneste m/dåp og nattverd

I det dette bladet går i trykken er det kjent at kyrkjene i Time, med nokre unntak, vel å avlyse alle arrangement ut mars månad. Dette gjeld gudstenester, trusopplæringstiltak, konfirmantopplæring, institusjonsbesøk, kulturarrangement og andre planlagde tiltak. Gravferd blir gjennomført i utgangspunktet berre med den nærmeste familien til stades, og dåp og vigsel blir gjennomført etter avtale med familien. Det betyr i korte trekk at mange av arrangementa som blir kunngjort i dette nummeret av bladet allereie er i ferd med å bli avlyste eller er usikre. Vi oppfordrer alle til å halde seg oppdatert gjennom nettsidene og facebooksidene til kyrkjene. Desse vil bli oppdaterte fortløpende. Er du usikker på om eit arrangement du hadde tenkt deg på vert avlyst kan du ta kontakt med kyrkjekontoret på tlf 51 77 03 77. Kyrkjekontoret har ope som vanleg, kvardagar frå kl 9-14, men med redusert bemanning.

Bøn og forbøn

Står du i ein spesielt vanskeleg situasjon, eller noko du ynskjer forbøn for? Vi er eit forbedar-team på 6 personar som vil be for situasjonen. Alt kan vera anonymt, og vi har teieplikt.

Send SMS eller ring

Tordis Sandvik 915 72 880 eller
Hanne Brit Sandsmark 996 26 157

Infoskjermen GO

Me ønsker at flest mogleg skal lasta ned appen: «Infoskjermen Go». Der vil du få ei rask og ryddig oppdatering på kva som skjer i Undheim kyrkje. For å få innlegga til Undheim kyrkje på mobilen, må du legga til koden: KQ3QJ6.

Fordelen med Infoskjermen framfor Facebook og heimesida vår er:

- Du får opp eit varsel når det er noko som redaktøren meiner mange bør få med seg. (Du kan velja å slå av varsel).
- I Infoskjermen GO vil utdaterte innlegg forsvinna av seg sjølv, slik at det er bare det som er aktuelt nå som kjem opp.
- Visninga er ryddig og rask å sjå gjennom.
- Ingen reklame eller andre forstyrrende element.

Det er også mogleg å sjå kva som er på «Infoskjermen» på nett. Bruk følgjande adresse: <https://infoskjermen.no/go/KQ3QJ6>

Ønsker du å gjera eit arrangement i kyrkja kjent,
kan du senda ein e-post til frode.skarland@timekyrja.no.

Avlysingar på grunn av koronavirus

På alle kanalar vert det sagt at me er i ei spesiell tid. Det merker me òg i kyrkja. Gudstenester og møter er avlyste, men dåp, gravferder og vigslar vert gjennomførte. Til desse sere-moniane er det bare nærmaste familie som er inviterte.

Me vil og minna om at de som kjem til kyrkja held avstand til andre og er nøyne med handhygiene. Det vil vera god plass i kyrkja til å sitja med avstand til andre.

Oppdatert informasjon vil de finna på Facebook og Infoskjermen Go. Heimesida vil òg ha noko informasjon, men der er ikkje informasjonen like lett å finna. Ny heimeside skal komma etter kvart.

Døypte i Undheimkyrkja 15. mars



Benedicte Knudsen



Silas Fiskebekk

HERREN VELSIGNE DEG
OG VARE DEG!
HERREN LA SITT ANDLET
LYSA OVER DEG
OG VERE DEG NÅDIG!
HERREN LYFTE SITT
ANDLET MOT DEG
OG GJE DEG FRED!

Ny dato for konfirmasjon

– Søndag 27. september vert det konfirmasjon i Undheim kyrkje kl. 10.30, opplyser kateket Ingfrid Time Nærland.

På grunn av koronapandemien har alle konfirmasjonar i vår blitt utsett.
No er nye datoar på plass.

BRYNE KYRKJE:

Laurdag 26. september kl. 11.00 og kl 13.00

Søndag 27. september kl. 11.00

Laurdag 3. oktober kl. 11.00 og kl 13.00

TIME KYRKJE:

Søndag 4. oktober kl. 10.30 og kl 12.30

UNDHEIM KYRKJE:

Søndag 27. september kl. 10.30

KONTAKTINFO:

Sokneprest: May Brit Merland Arnø	467 94 518
Undheim sokneråd: Hanne Brit Sandsmark	996 26 157
Kyrkjestyret: Torvald Tjåland	913 59 619
Musikalsk leiar: Kari Kaald Reiten	908 10 346
Dagleg leiar: Frode Skårland	489 97 102
Leige av kyrkjekjellaren: Torvald Tjåland	913 59 619
Trusopplæringa: Ragnhild Hanssen	51 77 03 77
Konfirmantarbeidet: Ingfrid Time Nærland	401 67 222
Diakon.: Praxedes Slettebø	980 28 690
Avtale tid for dåp eller vigsel: Time kyrkjekontor:	
måndag - fredag: 09:00 - 14:00	51 77 03 77

Dåpskjole til gratis utlån

På kyrkjekontoret på Bryne er det ein dåpskjole til gratis utlån.

Kjolen er over 100 år gammal og har 4 forskjellige luer i ulike storleikar.
Kyrkjekontoret ordnar reingjering, så for dykk som treng dåpskjole er det berre å henta og levera.

Ring 51 77 03 77 – kyrkjekontoret,
i Erlandsbakken 6.



Ei open kyrkje for alle

Frode Skårland ønskjer at fellesskapet i kyrkja skal vere ope for alle – uansett bakgrunn og historiar.

Tekst og foto: Steinar Sandvik

For omlag tre månadar sidan byrja Frode Skårland (43) som dagleg leiar i Undheim kyrkje. På denne korte tida har han lært kyrkjelyden litt å kjenne.

IMPONERT

Det har vore ein kjekk oppstart, der både stab og kyrkjelydane eg arbeider i har vore gode å ta imot meg. Eg har eit godt inntrykk av Undheim kyrkjelyd der mange er positive. Den frivillige innsatsen imponerer meg. Og vi har eit sokneråd som vil noko.

Han ser at ei av dei store utfordringane på Undheim i dag er igjen å få sving på arbeidet mellom ungdommane.

– Eg opplever at vi er i ein god prosess, seier han.

DELT STILLING

Frode Skårland har halv stilling på Undheim og halv stilling som kyrkjelydsmusikar i Time kyrkje og på forordna gudstenester i forsamlingshuset på Lye.

– Eg treng å øve ekstra på orgel. Difor har eg investert i eit orgel heime og kan bruke ekstra tid på orgelspel. Men eg synest det også er viktig å trekke andre musikalske uttrykk inn i gudstenestene.

Han legg ikkje skjul på at arbeidsoppgåvene er mange, men han trivst. Ei rekke oppgåver ligg og ventar – noko har han god erfaring i frå før. Men rekneskap er eitt av felta han må ta tak i. Det same gjeld orgelspel.

LÆRARUTDANNA

Sidan 2000 har Frode budd på Lye saman med ektefelle Anna Bergitte og dei tre barna Synnøve (17), Åsne (16) og Magne (14).

Etter vidaregåande skule gjekk han to år ved Bibeleskolen i Staffelsgate med faga musikk og kristendom. Så vart det militærtjeneste før han utdanna seg til lærar i Trondheim og Stavanger.

Sin første arbeidspraksis hadde han frå 2001 til 2008 som lærar ved Undheim skule. Deretter var han musikalsk leiar i Bogafjell menighet før han hadde to år ved Lye skule. Dei siste åtte åra har han igjen vore musikalsk leiar i Bogafjell og Figgjo.

Frode seier at han alltid har likt gudstenestene.

– Eg trur dei fleste av oss kjenner seg rikare etter ei gudsteneste. Det er viktig å halde livet varmt, smiler han og legg til at han ønskjer kyrkjelydar der alle aldrar er med i eit variert uttrykk.

PADLAR

Sjølv om arbeidet og engasjement i kyrkja tek mykje av tida, er Frode også oppteken av andre ting.

– For meg er det viktig at vi som familie gjer ting saman. I feriar reiser vi gjerne på camping, går turar i fjell og hei. Geocaching er noko kona er mest oppteken med, men det gjer at vi som familie også tek oss ut på tur.

– Vi er fem i familien og er eigarar av seks kajakkar. Men det er nok eg som brukar dei mest, fortel Frode og legg til at han er leiar i Jæren Kajakkklubb med omlag 175 medlemmar frå Stavanger til Brusand.

Akkurat no er det viktigaste prosjektet å fullføre bygginga av klubbhuset på Gunnarsberget i Klepp.

– Det er eit stort økonomisk løft til ein kostnad på 3,5-4 millionar kroner. Vi får støtte frå både kommunen og spelemidlar i tillegg til momsrefusjon. Klubbhuset er på 114 kvadratmeter på to plan - lager i kjellaren og samlingsplass oppe.

Frode fortel at han også liker godt å fotografere, særleg det å finne lyset.

Han er medlem i Bryne Fotoklubb og lærer mykje av flinke fotografar.

– KVA ER VIKTIG FOR DEG?

– Dei gode kvardagane for meg og dei rundt meg.

– Skape gode miljø der folk kan ha det godt i lag.

– Eg lengter etter at tilhøva for flyktningar kan bli betre, særleg dei syriske.

– Eg er ein jordnær person som ønskjer at dei




rundt meg skal ha det godt.

- Eg er takksam for livet, for helse og arbeid, for familie og fellesskap.
- Trua er viktig for meg, med eit håp om evig liv. Det styrer livet mitt.
- Det kristne menneskesynet der alle er like verdifulle og elsa av skaparen betyr mykje for

meg. Der stiller vi alle likt.

- Eg er glad i det kristne fellesskapet, og opplever at fellesskapet på Undheim er ope der folk kan kome og kjenne at her er det godt å vere.



Presten er å treffa på kontoret

Med bildet av Undheim kyrkjelyd-buketten, som eg fekk då eg vart innsett som prest på Undheim, sender eg varme og gode tankar til dykk alle i ei spesiell og vanskeleg tid.

Dei er krevjande for mange, desse dagane, med så mykje som er usikkert, bekymringer, uro og sjukdom. Derfor har eg lyst til å ha mitt «heimekontor» i Undheimkyrkja i vekene som kjem. Slik at det går an å kome innom for ein prat, ein tur i lag med presten eller melde eit behov for praktisk hjelp. Det er mange eldre i bygda som treng hjelp til å få handle og mange einsame som treng nokon å snakke med. Me kan alle no være med å gjera dagane litt enklare for dei som slit ekstra. Derfor blir eg å treffa i kyrkja tysdag - torsdag. Eg sett ut eit skilt ved vegen når eg er i kyrkja. Uansett om eg er i kyrkja eller ikkje, kan de alltid ringa meg på tlf 467 94 518.

Varm helsing frå May Brit prest

«Livskvalitet» av Gunn Berit Landa Soldal

Undheimbuen Gunn Berit Landa Soldal gjør det igjen. I mars lanserte hun sin 6. dikt bok, «Livskvalitet», om hverdag og Gud, kjærlighet og urettferdighet i verden. Dikt boken er illustrert med hennes egne, flotte naturfoto. Dikt boka er en fin gavebok til alle typer mennesker og til alle anledninger.

Gunn Berit kommer fra Finnøy i Ryfylke og er født i 1967. Hun er gift, har voksne barn og har i mange år budd i «Den grønabygdå». Gunn Berit har skrevet dikt siden hun var 14 år. Dikt bøkene hennes har blitt godt mottatt av publikum, og det er kun få igjen av hennes tidligere dikt bok utgivelser.



Dikt bøkene til Gunn Berit blir lest av mennesker i alle aldre og livssituasjoner. Diktene gir håp, oppmuntring og tanker om livet. Flere av diktene i denne siste boken handler om livskvalitet på tross av utfordringer i hverdagen.

Roland Lundgren, fra duoen Curt & Roland, skriver: «Väldigt fint skrivet Gunn Berit. Du har en skrivares och diktares förmåga att sätta ord på livets skiften och det vi kan möta under livsresan!»

Tor Moen Tønnesen, musiker, komiker og foredragsholder, skriver: «Noe av det som gjør at Gunn Berit er verd å lese, er at hennes dikt har en uvanlig fin blanding av ærlighet, ettertanke og omtanke.»

Her er en smakebit fra dikt boka:

LIVSKVALITET

*Deter å våkne om morgen'en
og anerkjenne seg selv
Fokuserer på det gode,
og gjøre en forskjell*

*Det er faktisk å velge å ha
det riktig bra
Ta noen rette valg og gjøre
andre glad*

*Det er å tenke trivsel, synge,
takke og le
Oppdage sitt potensial og
være glad for det*

*Det er å sette seg mål
og bruke det man kan
Sette pris på livet
og være tro og sann*

*Det er å aldri gi opp hverken
livet eller Gud
Å få litt vind i håret og danse
som en brud*

Gunn Berit Landa Soldal



5 dikt bøker med foto. Dikt om Gud, kjærlighet, hverdag og urettferdighet i verden

Luftslottet: Diktnovelle om et dysfunksjonelt forhold. Dikt om lengt og svik, men også om håp og oppreising



SOL INSPIRASJON

Dikt og oppmuntringer www.solinspirasjon.no

BARNAS SIDE

Fargelegg!

Jesus rei inn i Jerusalem på eit esel, og blei hylla som ein konge.

Teikning: Claudia Chiaravalotti



Finn 5 feil

Teikning: Claudia Chiaravalotti

Dei to biletene er nesten like. Finn du dei fem feila på biletet under?



Finn vegen til den tomme grava!

Følg Jesus gjennom Jerusalem frå palmesøndag til påskedag.



Gje barnebladet
BARNAS til eit barn
du er glad i!

Desse oppgåvene
er henta
frå bladet.

**Bestill
abonnement
på Sondagsskolen.no
eller 2208 7100**



VITSAR

- Pappa har byrja på bakekurs. I går lærte dei å bake bollar.
- Blei bollane gode?
- Kjempefine! Vi spelte bordtennis med dei heile kvelden.

Korleis finn myggen ut kva for blodtype eit menneske har?
Svar: Dei tar stikkprøver.

Nye vedtekter for kyrkja

Torvald Tjåland vart på årsmøtet 1. mars 2020 attvald for eit nytår som leiar i styret for Undheim kyrkje og bedehus. Det vart også vedteke nye vedtekter for kyrkja.

Tekst og foto: Steinar Sandvik

Sidan årsmøtet i 2004 har Torvald Tjåland vore leiar i styret for Undheim kyrkje og bedehus. Han ser tilbake på ei tid med mykje og meiningsfullt arbeid. Særleg trekkjer han fram alle gode medarbeidarar i styret, men også mange andre frivillige.

STABIL ØKONOMI

- Eg tykkjer vi har fått arbeidet inn i gode former, legg Torvald til og peikar på at det mest krevjande desse åra har vore å sikre kyrkja ein stabil og god økonomi.
- Det trur eg vi har klart, men det har vore eit ganske krevjande arbeid. I dag har vi ein god driftsavtale med fellesrådet. Men vi ser at deira

økonomi også vert trongare. Dei siste to-tre åra har vi brukt ein god del av eigne midlar til både utvendig vedlikehald og andre prosjekt som mellom anna nyasfaltering av parkeringsplassen. Etter avtalen med fellesrådet skulle dei ha dekka dette, men vi kan ikkje sjå på at bygg og området rundt er til forfall, seier Tjåland og legg til at han er svært godt fornøgd med fellesrådet og samarbeidet.

– Dei støtta oss i allfall med betydelege summar til nytt tak, oppsummerer styreleiaaren som peikar på dei viktigaste oppgåvene framover er å skaffe nok inntekter til å kunne drifta bygget på ein forsvarleg måte.

MEDLEMMAR IKKJE EIGARAR

Torvald Tjåland er også godt fornøgd med dei nye vedtektena. Særleg legg han stor vekt på denne formuleringa i vedtektena: «Undheim kyrkje og bedehus skal vera eit hus der det kristelege livet får styrke og næring gjennom forkynning bygd på Guds ord og den evangelisk lutherske lære.» Undheim kyrkje og bedehus er registrert med eige organisasjonsnummer. Det gjer at vedtektena også må vere godkjende av Brønnøysundregistrene.

Under behandling i årsmøtet vart det berre gjort eit par små endringar i paragrafen om medlemskap. No står det slik i paragrafen om medlemmar: «Medlemmar av foreininga er alle i Undheim skulekrets med kommunal stemmerett, har fylt 15 år og som godtek vedtektena.» Dei fullstendige vedtektena er tilgjengelige på kontoret i Undheim kyrkje.

Årsmøtet valde også nytt styre.
Det er samansett slik:

Torvald Tjåland, formann
Pål Ånund Tveiten, nestformann
Herdis Lindal Tjåland, kasserar
Svein Fosse, sekretær
Hans Undheim, styremedlem
Odd Ove Tunheim, 1. vara
Reidunn Haavardsholm, 2. vara.



VEDTEKTER FOR UNDHEIM KYRKJE OG BEDEHUS

Undheim kyrkje og bedehus skal vera eit hus der det kristelege livet får styrke og næring gjennom forkynning bygd på Guds ord og den evangelisk lutherske lære.

§ 1 Foreininga sitt namn: Undheim kyrkje og bedehus – org.nr. 921 353 766

§ 2 Formål

Foreininga har som formål å drifta og vedlikehalsa Undheim kyrkje og bedehus.

§ 3 Organisasjonsform

Foreininga er ei frittståande juridisk person med medlemmer, og er sjøleigande. At den er sjølevigande inneber at ingen, verken medlemmer eller andre, har krav på foreininga si formue eller eidegar, eller er ansvarlege for gjeld eller andre forpliktingar.

§ 4 Medlemmar

Medlemmar av foreininga er alle i Undheim skulekrets med kommunal stemmerett, har fylt 15 år og som godtek vedtekten.

§ 5 Rettighetar som er knytta til medlemsskapet.

Alle medlemmer har rett til å delta på årsmøtet, dei har stemmerett og er valbare til tillitsverv i foreininga.

§ 6 Årsmøte

Årsmøtet, som vert halde kvart år innan utgangen av mars, er foreininga si høgste myndighet. Årsmøtet er vedtaksført med tal av medlemmar med stemmerett som møter, og alle medlemmer har ein stemme. Møteleiar vert vald på årsmøtet.

For å vera gyldig, må eit vedtak vera bestemt med alminneleg fleirtal av stemmene. Vert talet på stemmer likt, vert vedtaket avgjort med møteleiar si dobbeltstemme.

Styret kallar inn til årsmøte, med minst ein månads varsel. Direkte til medlemmane eller ved kungjering i pressa. Forslag som skal behandlast på årsmøtet, skal vera sendt til styret seinast to veker før årsmøtet. Fullstendig saksliste må vera tilgjengelege for medlemmane seinast ei veke før årsmøtet.

Årsmøte kan ikkje behandla forslag som ikkje er oppførde på sakslista, med mindre $\frac{3}{4}$ av dei som er frammøtte samtykkjer i det.

§ 7 Årsmøte sine oppgåver.

Årsmøtet skal

- Behandla årsmelding
- Behandla revidert rekneskap
- Behandla innkomne forslag.

Velje

Leiar: – for 1 år

Styremedlemmar: – for 2 år

Varamedlemmar: – for 1 år

Revisor – for 1 år

§ 8 Ekstraordinært årsmøte

Ekstraordinært årsmøte vert halde når styret bestemmer det, eller minst 1/3 av medlemmane krev det.

Innkallinga skjer på same måte som ordinære årsmøte, med minst varsel 14 dagar før.

Ekstraordinært årsmøte kan bare behandla og ta avgjersler i dei sakene som er kunngjort i innkallinga.

§ 9 Styret

Foreininga har et styre på 5 medlemmer. Styret skal halde møte når styreleiare eller eit fleirtal av medlemmene av styret krev det.

Styret vel innbyrdes nestleiar, sekretær og økonomiansvarleg.

Styret har ansvar for utleige, drift og vedlikehald av huset, og skal sjå til at bruken er i samsvar med vedtekten.

Styret syter for driftsavtale med Time kyrkjelege fellesråd når det gjeld den kyrkjelege bruken av huset.

Styret kan fatte vedtak når eit fleirtal av styret sine medlemmer er til stades. Vedtak vert fatta med fleirtal av dei avgitte stemmene.

§ 10 Signaturrett

Leiar av styret og eit styremedlem i fellesskap har signaturrett.

§ 11 Endring av vedtekten

Endring av desse vedtekten kan bare gjerast på ordinært eller ekstraordinært årsmøte etter å ha vore på sakslista, og det krev 2/3 fleirtal av dei avgitte stemmene.

§ 11 Oppløsing

Oppløsing av foreininga kan bare behandlast på årsmøte, og krev 2/3 fleirtal.

Ingen av medlemmane har krav på foreininga sine midlar eller del av desse.

Vedteke på årsmøtet 1.mars 2020

Stor takk til sponsorane våre som gjer bladet mulig!

		
Høiland & Tveit BetonEntrepreneur		
Johs. Egeland & Sønner as Transportforretning 4342 Undheim	 SOL INSPIRASJON Dikt og oppmuntringer	UNDHEIM HANDELSLAG  undheim@coop.no Tlf. 51779660 Landbruks avd. 51779670
	 NILS REIME MASKIN GODKJEND ENTREPRENØR ALT I GRAVING OG TRANSPORT Takodal, 4342 Undheim • Tlf: 51 48 49 11 • Fax: 51 48 60 64 • Mob: 971 59 400	 SjekkPunkt BILVERKSTED Lye Bil AS Tlf. 400 06 447 post@lyebil.no
		 NOVA BEGRAVELSESBYRÅ 51 61 04 00   Hanne Brit Sandmark og Mayfrid Hersdal www.novabegravelse.no
 Byggmester Ståle N. Sikveland	<p>Ledig annonseplass Vil du støtte Møteplassen med kr 2.000,- pr år, og få annonsa di på baksida av 4 blad årleg? Annonseinntektene betyr veldig mykke! Ta kontakt med dagleg leiar Frode Skårland tlf.: 489 97 102 e-post: frode.skarland@timekyrkja.no</p>	
 Preben Undheim Mobil: 901 74 629 preben@pundheim.no www.pundheim.no	 Møllevegen 12, 4360 Varhaug tlf.: 51 79 85 79 www.ahbygg.no	 TIME ELEKTRO AS når resultatet er viktig
 Finn Arve Undheim Maskinentreprenør i tjeneste for jordbruket Mob.: 975 80 952 Tlf.: 51 61 90 10	 Elektrofag Jæren En god kontakt på Jæren Tlf. 51 79 11 70 e-post: post@elektrofag.no EL-PROFFEN	 Bryne Rør AS